



Nhb Vest AS  
Hagellia 6  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1108 - 19/11372

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
09.04.2019

## Løyve til etablering av minireinseanlegg - gbnr 24/4 Fammestad

### Administrativt vedtak. Saknr: 205/19

**Tiltakshavar:** Nhb Vest AS  
**Ansvarleg søkjar:** Nhb Vest AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av felles avlaupsanlegg for eigedomene som inngår i reguleringsplan for Jydalen. Det er gjeve utsleppsløyve for om lag 50 PE for biologisk/kjemisk minireinseanlegg.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid og leidningsnett knytt til minireinseanlegget. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå reguleringskart vedkomande plassering av anlegget og deler av leidningsnett knytt til avlaupsanlegget innafor LNA1-grøntareal.

Det vert elles vist til søknad motteken 04.04.2019.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Jydalen plan-id 1263-201510 er definert som naturføremål.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå plasseringa innafor naturområde LNA1.  
Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:



Søker om etablering av minirensanlegg med tilhørende ledningstrase' i forbindelse med utbygging av boligfeltet Jydalen - Fammestad.

Da det for noen år siden ble etablert offentlig vannledning til området ble det anlagt en stikkvei fra Fv. 397 ned mot Hegernesvatnet. Der ble det etablert kum for offentlig vann med dertil hørende vannledninger.

Fordeler ved i gi dispensasjon:

Plassering av minirensanlegget er valgt ut i fra at det allerede er anlagt tilkomstvei, og dermed unngår vi å anlegge ny vei med de terrenginngrep det vil medføre.

Vannledninger og avløpsledninger til boligfeltet vil da gå i samme grøfter frem til boligfeltet.

Hjemmelshaver av gnr. 24 bnr. 4 har erklært fullmakt til å etablere minirensanlegget på hans eiendom. Det er ikke drift på eiendommen i dag.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Vestland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Vestland får vedtaket til klagevurdering.

### **Nabovarsel**

Det er søkt om fritak i frå nabovarsle med slik grunngjeving:

Vi har unnlatt å nabovarsle tiltaket da det ikke er kommet merknader på tidligere nabovarsler ang. planarbeid, opparbeiding av vei i byggefelt, fradeling av tomter mm.

Vi syner til at søknad om utslepp er nabovarsla, og det er ikkje søkt om endringar av korsje plassering av anlegg eller leidningar knytt til dette.

Vi finn difor å kunne fritta frå nabovarsle i denne saka.

### **Private rettar**

I søknad om utslepp sak 17/1785, ligg det føre ei privatrettsleg avtale med grunneigar av gbnr 24/4, som sikrar rett til å legge vassledning, avlaupsledning og renseanlegg på denne eigedomen.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 04.04.2019.

Avlaupsanlegget skal plasserast utafor bustadfeltet men framleis innafor reguleringsplan for Jydalen.

Leidningar knytt til anlegget skal leggest i vegtrasè innad i feltet og fram til kvar enkelt eigedom. For leidning fram til eigedomen i vest går leidning på sørsida av bustadfeltet.

### **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk. Det er gjeve førehandstilsegn den 22.08.2017 vedkomande tilknytning til offentleg vatn. Det går fram av denne at det er påreknelig for eigedomene i feltet å kunne kople seg til kommunal vassledning. Kvar enkelt eigedom må senda inn røyleggjermelding for tilkopling til sin eigedom.

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve for heile feltet samla i sak 17/1785 vedtak datert 24.11.2017.

Utsleppsløyve gjeld for minirensanlegg og for om lag 50 PE.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser leidningstrasè og plassering av anlegget og kommer knytt til dette anlegget. Leidning skal vere nedgrav fram til avlaupsanlegg og vidare fram til utsleppstad. Dette gjeld også for minireinseanlegg og deler knytt til dette anlegget.

#### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### **VURDERING**

#### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føreseigna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammes, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Det er søkt om dispensasjon i frå planføremålet LNA1 for plassering av avlaupsanlegg og leidningar knytt til dette.

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur.

Arealet LNA1 ligg innafor omsynsone H530\_oF10 med særskilt vern av friluftsliv.

I vår vurdering har vi særskilt lagt vekt på at leidningar og anlegg skal vere nedgravd og ikkje synleg i landskapet, det krevs lite terrenginngrep og dette vil over tid ikkje vere synleg. Vidare syner vi til at vilkåret for å kunne gje løyve til utslepp i denne saka er oppfylt.

Administrasjonen kan ikkje sjå at omsøkte tiltak er til hinder for vidare bruk av område for friluftsliv og syner til at valgte avlaupsanlegg ikkje vil verke sjenerande ved riktig bruk og vedlikehald.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Kommunen har vurdert søknaden om fråvik frå tekniske krav sett i byggtknisk forskrift TEK og legg ansvarleg søkjar si vurdering til grunn. Kommunen finn at vilkåra for å fråvika tekniske krav til byggverk er oppfylt.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå planføremålet LNA1 i gjeldande reguleringsplan for Jydalen for oppføring av minireinseanlegg med leidningsnett.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for oppføring av minireinseanlegg og leidningsnett på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 04.04.2019 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Tiltaket skal utførast i samsvar med utsleppsløyve i sak 17/1785 vedtak datert 24.11.2017, og utførast i samsvar med situasjonsplan.**

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:**

- 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1108**

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Nhb Vest AS  
Nhb Vest AS

Hagellia 6  
Hagellia 6

5914  
5914

ISDALSTØ  
ISDALSTØ